

# **Vedtekter for Samarbeidsutvalet i Norane Oppvekstsenter**

## **§ 1– Foreldrerådet og Samarbeidsutvalet (SU)**

Alle foreldre som har barn i oppvekstsenteret er medlem av foreldrerådet. Foreldrerådet har som oppgåve å fremje samarbeid mellom heimane og oppvekstsenteret. SU skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet (SU) skal sikre samarbeidet mellom barnas heim og oppvekstsenteret. Samarbeidsutvalet (SU) skal bestå av representantar frå foreldrene, elevane, undervisningspersonalet, andre tilsette og to representantar frå kommunen, der rektor er den eine. Foreldrerepresentantane bør vere frå FAU. Den eine representanten skal vere FAU-leiaren. SU har informasjonsplikt overfor alle foreldre. Ved vårt oppvekstsenter informerer SU foreldrene på følgjande måtar:

Visma

Oppvekstsenterets nettside

## **§ 2 – Val av Samarbeidsutvalet (SU)**

Alle foreldrene er automatisk medlem av foreldrerådet. Foreldrerådet vel representantar til Samarbeidsutvalet. Ved vårt oppvekstsenter vel vi SU-representantar på følgjande måte: Vi vel SU-representantar så tidleg som mogleg etter barnehage-/skulestart, i samband med eit foreldremøte. Rektor og tidlegare SU-leiar sørger for opplæringa av nye tillitsvalde.

## **§ 3 – Konstituering av SU**

SU konstituerer seg ved at SU-representantane vel leiar og nestleiar. Leiar for FAU barnehage og skule skal vere representert i SU i tillegg til to representantar frå skule og barnehage.

## **§ 4 - Møter**

SU har faste møter 2 gonger i året, første i september og andre i mars/april. Ekstraordinære SU-møter vert halde når 1/3 av medlemmene krev det. Møteleiinga er leiar sitt ansvar. Dette ansvaret kan delegerast til nokon andre medlemmer, men agendaen skal alltid vere kjent for SU-leiar og resten av SU. Ved vårt oppvekstsenter kunngjer vi innkallingar og møtereferat på følgjande måte: På oppvekstsenterets heimeside og epost til medlemmer. SU er vedtaksdyktig dersom 2/3 av medlemmene er til stades.

## **§ 5 – Oppgåver**

SU i vårt oppvekstsenter kan arbeide med følgjande oppgåver:

- Ordensreglementet
- Utviklingsplanar for oppvekstsenteret.
- Forslag til budsjett.
- Plan for heim-skule-samarbeid.

- Skulevurdering.
- Trafikkforhold til og frå skulen.
- Skuleskyss.
- Planar for ombygging og vedlikehald av skoleanlegga.
- Bemanning
- SU godkjenner årsplanen for barnehagen. Sjå barnehagelova § 2, siste avsnitt.
- SU uttalar seg i saker der barnehagen behandlar ein søknad om dispensasjon frå norma om pedagogisk bemanning. Sjå §3 i barnehagelova
- Fremme omdømmet til oppvekstsenteret

## **§ 6 – Teieplikt**

Foreldrerepresentantar er automatisk underlagt teieplikta. SU skal likevel ikkje handsame saker som dreier seg om enkeltpersonar, enkeltbarn, enkeltforeldre eller personale.

## **§ 7 – Konfliktar i SU**

SU skal vere eit samlende utval med fokus på det beste for alle barn. Det er viktig at det er rom for ueinigheit og diskusjon i SU. Dersom det oppstår konfliktar, må representantane halde seg saklege og ha alle barn i sentrum, eventuelt involvere kommunalsjef for oppvekst dersom situasjonen blir fastlåst.

## **§ 8 – Rektor si rolle**

Rektor har ansvaret for å legge til rette for eit godt heim-barnehage/skule-samarbeid. Det inneber mellom anna at rektor skal sørge for god kommunikasjon med foreldre, ikkje berre enkeltvis, men også gjennom SU og andre utvalg. Rektor deltek på møter og har ansvar for å legge fram saker av viktighet. Rektor har møte- og talarett og kan fremje saker.

## **§ 9 – Samarbeid mellom SU og andre utval i oppvekstsenteret**

SU skal samarbeide med Foreldrenes arbeidsutval (FAU) gjennom formøter med FAU-styret.

## **§ 10 – Endringar av vedtekten**

SUs vedtekter fastsettes av SU. Endring av vedtekter krev 2/3 fleirtal. Forslag til endring av vedtekter skal handsamast på eit møte, medan avstemming om endringane først kan vedtakast på påfølgjande møte